

## Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I samband med dialogen med bebuarar i Øvre Sædalen, har fylkesordførar bede Skyss om ei vurdering av moglegheitene for å betre kollektivtilbodet i området. Dette med bakgrunn i at Øvre Sædalen er under utbygging, og at tilgangen til eksisterande kollektivtilbod vert opplevd som lite tilfredsstillande.

Linje 80 (Nesttun-Sædalen-Strandkaien) utgjer dagens tilbod i Sædalen. Tilbodet er vesentleg styrka seinare år, og linje 80 er i dag ei tung linje som betener store bustadområde rundt Helldalen og Sædalen. Med utgangspunkt i dagens tilbod er det sett på moglegheiter og trafikale konsekvensar av å legge om traséen på linje 80, slik at denne også dekkar Øvre Sædalen.

Ei omlegging av linje 80 vil medføre ei vesentleg ulempe i reisetid for dei fleste reisande på linja. Lenger reisetid må vegast opp mot omsynet til å redusere gangavstand til kollektivtilbodet for enkelte bustadområde langs traseen. Dei fleste i Sædalen og i Øvre Sædalen har maksimum kring 600 meter gangavstand til nærmeste busstopp. Einskilde område har noko lenger gangavstand, men som likevel ikkje forsvarar å endre det eksisterande tilbodet i området. Deling av tilbodet, der nokre avgangar går til Øvre Sædalen og andre til Nesttun, vil gje eit dårlegare tilbod for det store fleirtalet av dei bussete i området. Den samla vurderinga er at ei omlegging av linje 80 ikkje er å anbefale.

Når det gjeld infrastruktur er det sett på i kva grad det er mogleg å køyre buss i Øvre Sædalen. Konklusjonen er at traséen delvis er for bratt og for smal for den type buss som i dag betener området. Det er heller ikkje naturlege plasseringar for haldeplassar eller snusløyfe for buss. Vidare er vegen ikkje ein fylkesveg, noko som er ei ulempe mellom anna knytt til vintervedlikehald for å få bussane fram på dagar med is og snø.

Øvre Sædalen er eit typisk eksempel på område som blir utbygd, utan at det er planlagt for eit kollektivtilbod frå starten av. Det er fleire tilsvarande områder som ikkje er mogleg å betene med dagens kollektivløysingar fordi det ligg avsides eller kronglete til, eller ikkje er eigna for eit kapasitetssterkt tilbod med store bussar. Skyss/Kringom arbeider med konkrete tiltak for å få erfaringar i bruk av fleksible løysingar med mindre køyretøy, med omsyn til tekniske, økonomiske og ulike praktiske forhold. Her kan piloten i Odda med bruk av konseptet HentMeg nemnast som eit døme på tiltak som vil tilføre viktige erfaringar. Det er eit mål å få fram fleire pilotar for uttesting av konsept for denne type transportløysingar, tilpassa ulike transportbehov i både by- og distriktsområde. Fylkesordføraren meiner at Skyss/Kringom må arbeida vidare med tiltak for å auka kollektivandelen enno meir i området, og følgja dette opp med Samo.»